



E

NJFF Sogn og Fjordane

Rygg
6823 Sandane
Telefon: 57 86 83 55
Mobil: 970 76 702
sognogfjordane@njff.org
www.njff.no/sognogfjordane
Org.nr: 975682900
Bank: 3710.11.42737

NVE

Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo
nve@nve.no

Sandane, 9. august 2011

Breim Kraft A/S – fråsegn til melding om utbyggingsplan i Storelva, Breim i Gloppen

Denne fråsegna er frå Gloppen Jeger- og Fiskarlag og Norges Jeger- og Fiskerforbund Sogn og Fjordane. Sakshandsamar er Jostein Hansen, 414 03 371, leiar i Gloppen jfl.

I utgangspunktet er ikkje NJFF Sogn og Fjordane og Gloppen jfl imot all vasskraftutbygging fordi vi ser at det kan vera med på å oppretthalde arbeidsplassar i jordbruket og busetnaden i distrikta. Vasskraft er også ein fornybar og "rein" ressurs samanlikna med hydrokarbonar (kol, olje, gass) og atomkraft. Men dersom storstilte utbyggingar skal bli pengemaskiner for private interesser, og potensielle spekulasjonsobjekt for storkapitalen, slik som det har gått i oppdrettsnæringa, vil vi gå imot eller alternativt krevje meir skånsamme utbyggingar. I perioden frå 2001 til 2010 er det bygd nærare 300 småkraftverk og 500 til er under planlegging. Det føregår ei bit-for-bit utbygging utan nokon samla plan, og dei samla konsekvensane for norsk vassdragsnatur kan bli dramatiske. Alternativet til denne vekstpolitikken er ei mykje sterkare vekt på energioekonomisering.

Vasskraft er som nemnt ein fornybar ressurs, men inngrepa i naturen kan vere store, slik det er tilfellet med den planlagde utbygginga av Storelva i Breim. Grunneigarane har her lagt fram ein omfattande og hardhendt utbyggingsplan, trass i at dei i konsekvensutgreiingane freistar å bagatellisere eventuelle skadeverknader. Med ei foreslått minstevassføring på 1 kubikkmeter i sekundet vil elva bli redusert til ein stillestående sildrebekk. Endå verre er reduksjonen av sumavassføringa frå normalvasstand på 27 kubikkmeter i sekundet til berre 6. Det seier seg sjølv at dette vil få drastiske konsekvensar for m.a. fiske og naturoppleving. Det mest dramatiske, sett frå vår synsstad, er likevel at det utnytta vatnet ikkje skal tilbakeførast til elva, men førast gjennom ein utsprengd kanal på over 4 km frå inntaket ved Høylo til kraftverket på Seime-stranda. Med andre ord vil Reed-osen, den beste fiskeplassen i vatnet på Breimssida, bli fullstendig rasert. Både for fisket, turismen og dei fastbuande/ålmenta vil dette få store negative konsekvensar. Vi viser også her til EU sitt vassdirektiv som har som føremål å forebygge skade, verne og betre tilstanden i ferskvatn, grunnvatn og kystområde. Slik planane er no, vil utbygginga etter vår meining vere i strid med direktivet.

I samband med Breim Kraftverk sin konsesjonssøknad er vi sterkt uroa over fylgjande forhold:

- Fjerning av vatn frå elveosen
- Sterkt redusert minstevassføring
- Massedeposering i Breimsvatnet
- Store fysiske inngrep i Lindvika og Seimestranda

Konklusjon og krav: NJFF Sogn og Fjordane og Gloppen jfl går sterkt imot ei utbygging av Storelva slik planane framgår av konsesjonssøknaden. Eit ufråvikeleg krav må være oppfylling av konsesjonsvilkåra gjennom utgreiing av alternativet med plassering av kraftverket godt ovanfor Seime bru. Rågjevande biologar ved H. Sægrov konkluderer i si konsekvensutgreiing med at storauren ikkje gyt i Storelva fordi det er ei breelv med mykje leirpartiklar og silt. Lokal erfaringskunnskap tilseier noko anna. Etter det vi veit gyt storauren både i Stardalselva/Våtedalselva og Myklebustdalselva, som er nærare breen enn Storelva. Sægrovs datagrunnlag er for tynt til ein så bombastisk konklusjon. Ei utbygging av elva som omsøkt vil truleg øydeleggje fisket og økosystemet i nedre delen og den verdfulle osen.

Vi krev difor:

- 1. Alternativet med kraftstasjon godt ovanfor Seime bru må utgreiast**
- 2. Breimsosen må bevarast mest mogleg intakt**
- 3. Minstevassføringa må ikkje understige 2.6 m³/sek om vinteren og 12m³/sek om sommaren**
- 4. Massedeposi må ikkje leggjast til Breimsvatnet. Samfunnsnyttig bruk av steinmasser må utgreiast.**
- 5. Dei store kulturhistoriske verdiane og økosystemet på Seimestranda må bevarast.**

Med venleg helsing

Gloppen jfl
Jostein Hansen
Leiar og sakshandsamar

NJFF Sogn og Fjordane
Otto Åge Bergstrøm
Fagleiar Fisk

Kopi til:
Breim Kraft A/S
Gloppen kommune
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Sogn og Fjordane Fylkeskommune

